



Meldinga om at SPAR-damene skal arrangera stilleshælrace er motteke med store forventnader og har fått mange positive kommentarar, melder initiativtakar Bente Nilsen.

Ho lovar at dette blir verkeleg gøy.

Oppgjeret finn stad laurdag 9. september klokka 12 på Sandakaien og påmeldinga skjer enten til telefon 92444 eller bente.nilsen@ngbutikk.net med namn, alder og telefon-nummer.

Alle vil få startnummer og det blir premiering for beste kostyme/utkledding. Ein viktig teknisk opplysning er at hælen på skoen skal måla 9 centimeter bak på skoen.'

Det blir fleire løp med 10 deltakarar i kvart og med kvalifisering til sluttløpet der vinnaren blir kåra.

